



Referat

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Torsdag 7. mai 2026

Tidspunkt: kl. 14.00, digitalt Teams-møte.

Styremedlemmer:

Anne Holstad
Andrzej Flemming
Camilla Storøy
Arnulf Goksøyr
Anne Marte Beitveit
Oskar Grimstad
George Fulford

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud og økonomisjef Gunn Røyset.

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S18/26

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende innkallinga og saklista

SAK S19/26

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende referatet frå sist styremøte

SAK S20/26

Val av revisor for rekneskapsåra 2026 – 2029

Økonomisjef Gunn Røyset informerer om tilbudsprosessen, vurderingane og vinnaren.

Tilråding til vedtak: Styret vel vinnaren av tilbodskonkurransen til revisor for SSR IKS for perioden 2026-2029.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret vel vinnaren av tilbodskonkurransen til revisor for SSR IKS for perioden 2026-2029.

SAK S21/26

Saker til representantskapsmøtet

Gjennomgang av saksutgreiingane til representantskapsmøtet 22/5. Sjå vedlegg for møtebok og tilhøyrande dokument.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret tok innstillinga til saksutgreiing til representantskapsmøtet 22/5 til vitande utan kommentarer.

SAK S22/26

Godkjenning av utgreiingsmandat

Sjå vedlegg [Mandat VØR-SSR 2026](#).

(Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd)

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming: Det har kome forslag frå VØR om felles mandat. Dette vart diskutert i møtet, og konklusjonen var at det beste var å ha kvart sitt, ev likelydande mandat.

Vedtak: Styret godkjente mandatet slik det var framlagt.

Sakliste – orienteringssaker:

Sak 23/26 Orienteringar

- Møte neste veke med Vanylven kommune om kunnskapsdeling vedr. renovasjon
- NRK-besøk saman med leiar i prosjektet ombrukssentral. Sending 6.5.26 i ettermiddagssendinga i radio og TV-sendinga om kvelden.

Andrea Øien Sæverud
Dagleg leiar

George Fulford
styreleiar